



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Rundskriv

Nr.
N- 1/2007

Vår ref
06/438- KRL

Dato
27.06.2007

Rundskriv om godkjent løyveutdanning etter Kunnskapsløftet for person- og godstransport

Etter yrkestransportforskrifta¹ § 8 må søkjar om løyve til transport ha stått til eksamen frå ei av departementet godkjent teoretisk opplæring for å vere fagleg kvalifisert.

Dette rundskrivet er utarbeidd i samband med at transportutdanninga i vidaregåande skole blir endra ved iverksetjing av Kunnskapsløftet frå hausten 2007 for 2. trinn i vidaregåande opplæring (Vg2).

Rundskrivet gjeld i tillegg til rundskriva N-4/2002 og N-1/2005. Søkjarar som stettar krava etter desse rundskriva, vil også i framtida ha godkjent løyveutdanning.

Løyveutdanning etter dette rundskrivet består av fire deler. Alle delane må vere bestått for å få godkjent løyveutdanninga:

- A. Bransjeteknikk
- B. Transport og logistikk
- C. Leiing og økonomisk styring
- D. Teoridelen til førarprøven klasse C1 eller D1

Delane A og B er basert på felles programfag for Vg2 Transport og logistikk i den vidaregåande skolen. Det blir presisert at for programfaget Bransjeteknikk vil oppnådde teoretiske kunnskapsmål vere tilstrekkeleg for del A.

Del C er basert på Leiing og økonomisk styring, som er eit nasjonalt valfag etter læreplanverket for vidaregåande opplæring (R94). Læreplanen er lagt ved.

Teorikravet til førarprøven gjeld C1 eller D1. Om søkjaren ikkje har førarkort som inkluderer klasse C1 eller D1, må dokumentasjon for godkjent teoriprøve for manglande førarkortklasse leggjast fram ved søknad om løyve. Ver merksam på at dette teorikravet til førarprøven berre

¹ Forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport innenlands med motorvogn og fartøy

gjeld i høve til dei utdanningsvegane som er knytt til dei nye fagplanane etter Kunnskapsløftet frå hausten 2007.

Alternative utdanningsvegane etter dette rundskrivet

1. Skoleløpet og privatistløpet

Bestått eksamen frå Vg2 Transport og logistikk dekkar delane A og B i løyveutdanninga.

For privatistar dekkar bestått eksamen frå Bransjeteknikk og Transport og logistikk frå Vg2 Transport og logistikk delane A og B i løyveutdanninga.

Med iverksetjing av Kunnskapsløftet fell dei nasjonale valfaga ut og blir erstatta med Prosjekt til fordjuping. Dette gjeld óg del C Leiing og økonomisk styring. Prosjekt til fordjuping skal mellom anna gje elevane høve til å få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer dei ulike yrka innan utdanningsprogrammet.² Skolane kan bruke Prosjekt til fordjuping til å tilby denne delen av løyveutdanninga.

Del C kan bli godkjent om det er tatt som Prosjekt til fordjuping. I så fall må søkjaren leggje fram dokumentasjon om at kompetansemåla som svarar til valfaget Leiing og økonomisk styring, er nådd gjennom eit Prosjekt til fordjuping som består av minst 75 årstimar. Bestått eksamen frå det tidlegare valfaget Leiing og økonomisk styring dekkar óg løyveutdanninga del C.

2. Privatskoleløpet

Kandidaten må ha bestått eksamen frå NKI Fjernundervisningen i faga Bransjeteknikk, Transport og logistikk, og Leiing og økonomisk styring.

Evaluering skjer ved avsluttande eksamen der ein nyttar same karakterskala som i vidaregåande skole.

Kandidaten må i tillegg sende inn og bestå innsendingsoppgåver.

Som alternativ til privatistløpet i vidaregåande skole vil ein kunne framstille seg til eksamen ved NKI Fjernundervisningen i dei einskilde faga.

NKI Fjernundervisningen set sjølv fristar for oppmelding til dei einskilde eksamenane og kor mange innsendingsoppgåver ein må svare på.

3. Realkompetansevurdering

Det er framleis mogleg for kandidatar å framstille seg til realkompetansevurdering, jf. reglane om fritak i rundskriv N-4/2002. I følgje forskrift til opplæringslova³ § 4-37 skal ein vurdere realkompetanse i forhold til kompetansemåla i faga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

² Sjå punkt 1.2 i forskrift "Prosjekt til fordypning for videregående trinn 1 og 2 yrkesfaglige utdanningsprogram" fastsett av Utdanningsdirektoratet 31. januar 2007.


³ Forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova

Oppfylging av krav til faglege kvalifikasjonar ved bytte av selskapsform

Etter yrkestransportforskrifta § 8 er søkjaren fagleg kvalifisert om vedkommande har løyve for den løyvetype det blir søkt om. Dette gjeld òg ved bytte frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap eller liknande, når dagleg leiar var innehavar av enkeltpersonføretaket.

Departementet ber om at rundskrivet blir fordelt både til samferdslekontora og skolesjefane i fylkeskommunane.

Med helsing



Arnfinn Øier e.f.



Erik Syvertsen

Vedlegg:

Læreplan for valfaget Leing og økonomisk styring

Likelydende brev sendt til:

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nord-Trøndelag fylkeskommune
Norsk Kunnskaps-Institutt AS
Oppland fylkeskommune
Oslo kommune - Samferdselsetaten
Rogaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms Fylkeskommune
Vegdirektoratet
Vest-Agder Fylkeskommune
Vestfold Fylkeskommune
Østfold Fylkeskommune